

Økonomistyring Voss herad

Forvaltningsrevisjon 2025

05.12.2025



1. Prosjektplan – framdrift/problemstillingar

1) Prosjektplan – vedteke KU

- Framdrift
 - Gjennomføring Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i Vestlandsrevisjon IKS er Arne Gilbakken. Prosjektet er estimert til ca. 400 timar, og revisor føreslår oppstart i 2025 med mål om ferdigstilling av prosjektet og handsaming i kontrollutvalet i løpet av hausten 2025.
- Problemstillingar:
 1. I kva grad har administrasjonen etablert rutinar og praksis som sikrar at budsjettprosessen er i samsvar med kommunelov? Spesielt relatert til at budsjett skal vera realistisk, jfr relevante lover og retningslinjer.
 2. Har administrasjonen system og praksis for god økonomioppfølging, analyse av avvik og rapportering til politisk nivå?
 3. Er rapporteringa til politisk nivå i eit format og kvalitet som sikrar at heradstyret har eit føremålstenleg styringsverktøy?

Innleiing

- Administrasjonen og heradstyret gjer ein svært solid og god jobb på mange viktige og til dels utfordrende område.
- Eit av desse områda er kommuneøkonomi.
- Kommuneøkonomi er uforutsigbart og komplisert og mange eksterne faktorar heradet ikkje styrer fullt ut spelar inn.
- Målsetjing med denne type rapport er å setje fokus på område som er definert av ROV prosessen i starten av kommuneperiodane.
- ROV prosessen set ofte fokus på område som kanskje ikkje vert vurdert å vera problemfrie, men for revisjonen er det ei målsetjing å bidra til eit kontinuerleg forbedringsarbeid. I dette tilfelle innafor kommuneøkonomi.
- Årsbudsjettet er eit av dei viktigaste styringsverktøy ein kommune har.
- Årsbudsjettet legg rammene for kva økonomisk handlingsrom kommunen har.
- **Kommunelova §14** er heilt klar på kva som er krav til eit kommunalt budsjett, det skal bygge på **realistiske føresetnader**. Administrasjonen har eit ansvar for å legge fram budsjettutkast som gjev heradstyret realistisk utgangspunkt for sine prioriteringar og vedtak. Dette kan vera spesielt utfordrande i økonomisk krevjande periodar.
- Revisjonen har hatt fokus på å svare ut KU sine vedtekne problemstillingar.



Bakgrunn

Bakgrunn

Voss herad har dei siste åra hatt utfordringar med å oppnå balanse i rekneskapen. Ein konsekvens av negativt netto driftsresultat er ei kraftig svekking av disposisjonsfondet som kan føre til utfordringar med å dekkja eventuelle framtidige underskot. Lite frie midlar vil også redusera kommunen sitt handlingsrom i forhold til drift og utvikling framover. Kontrollutvalet har med bakgrunn i den økonomiske utviklinga bestilt ein forvaltningsrevisjon for å vurdere om økonomistyringa er i samsvar med kommunelova og om rapporteringa gir heradsstyret eit føremålstenleg styringsverktøy.

Metode, avgrensing og høyring

Metode

Revisjonen er gjennomført av Vestlandsrevisjon i tråd med RSK 001 og omfattar blant anna intervju, spørjeundersøking, dokumentanalyse og statistisk gjennomgang av budsjett og rekneskap samt rapporteringar til politisk leiing.

Avgrensing

Revisjonen har primært fokusert på perioden 2022–2025, men har sett på enkelte historiske linjer som går fleire år tilbake. Analysane er i hovudsak gjort på overordna nivå som samla lønn og kjøp av varer og tenester. Vedtekne budsjett og driftsrekneskap for enkelte avdelingar innan oppvekst, helse og omsorg har vore undersøkt i samband med tilbakemeldingar frå spørjeundersøkinga til utvalte avdelingsleiarar for å verifisera attendemeldingar som er gjeve. Budsjett og rekneskap på avdelingsnivå er ikkje gjengive i rapporten.

Høyring

Høyring er gjennomført og høyringsbrev frå rådmann og revisor sine kommentarar er lagt ved som vedlegg 1 og 2 til rapporten.

Revisjonskriterium – problemstilling 1

Problemstilling	Kjelder	Krav frå kjelde	Utleia revisjonskriterium
1. I kva grad har administrasjonen etablert rutinar og praksis som sikrar at budsjettprosessen er i samsvar med kommunelova, særleg kravet om realistisk budsjett?	Kommuneloven §§ 13-1, 14-2, 14-4, 14-5. Forskrift om årsbudsjett og økonomiplan	Budsjett og økonomiplan skal vere realistiske og byggje på forsvarlege føresetnader. Budsjettet skal vere fullstendig og oversiktleg, og vise premissar og mål. Årsbudsjett er bindande og endringar krev vedtak	1. Budsjettforslaget byggjer på dokumenterte prognosar for inntekter og utgifter. 2. Budsjettet er fullstendig og omfattar både drift og investering og viser premissar og mål. 3. Rutinar sikrar at budsjetteringsgrunnlaget er oppdatert og realistisk. Inkludert naudsynt kompetanse for leiarar med budsjettansvar. 4. Avsetningar og periodiseringar vert nytta for å styrke realismen.

Problemstilling 1 – positive funn

I kva grad har administrasjonen etablert rutinar og praksis som sikrar at budsjettprosessen er i samsvar med kommuneloven? Spesielt relatert til at budsjett skal vera realistisk, jf. relevante lover og retningslinjer.

Positive funn:

- Budsjettprosessen er gjennomført i tråd med formelle krav.
- Rollar og ansvar knytt til budsjettarbeidet er klårt definert.
- Det er etablert diverse malar og rutinar knytt til budsjettarbeid.

Problemstilling 1 - utfordringar


Utfordringar:

- Administrasjonen har ei rutine for utarbeiding av budsjett. Den beskriv korleis ein bereknar ei overordna ramme for totalbudsjettet, samt rutine for detaljert arbeid med budsjettet ut i avdelingane. Overordna ramme bygger i hovudsak på fjorårets vedtekne budsjett med justering av pris og lønnsvekst, medan den andre bygger på revidert budsjett, fjorårets rekneskap og anna historiske rekneskap med justeringar for pris og lønnsvekst. Administrasjonen nyttar fyrstnemde tilnærming med justering for aktivitetar som ikkje vert vidareført og nye tiltak som er vedtekne som utgangspunkt. Analysen som er gjennomført viser at det truleg er teke for lite omsyn til historiske avvik særleg knytt til lønskostnader samt kjøp varer og tenester. Det kan og sjå ut for å vera vesentlege avvik på enkelte inntektspostar.
- Heradet har hatt store budsjettavvik både i 2022, 2023 og 2024.
- Vesentlege meirinntekter og meirutgifter er ikkje tilstrekkeleg reflektert i prognosar.


Problemstilling 1 - utfordringar

- Avdelingsleiarar har meldt tilbake om at enkelte budsjettpostar blir endra utan deira medverknad.
- Barnevernet melder tilbake at dei har utfordringar med å budsjettera for akutte hendingar.
- Fleire avdelingsleiarar innan oppvekst har meldt tilbake at enkelte utgifter ikkje er vorte teke omsyn til eller tilstrekkeleg justert i driftsbudsjettet etter samlokalisering på Knutepunktet.
- Avdelingsleiarar innan helse og omsorg har meldt tilbake om fleire nedskjeringar i budsjettpostane relatert til Voss i pluss 2027. Det er også signalisert frå leiar at ein ikkje har blitt involvert i enkelte kutt som er gjennomført.

Utvikling inntekter 2022-2024 samt budsjett 2025



Utvikling kostnader 2022-2024 samt budsjett 2025



Problemstilling 1 - tilrådingar

3.5 Tilrådingar

1. Rådmannen bør vurdere å endre rutinen for budsjetteringsarbeidet på ein måte som sikrar eit meir realistisk budsjettgrunnlag gjeldande for heradet sine inntekter og utgifter.
2. Rådmannen bør iverksetje tiltak som sikrar at alle leiarar på alle nivå som er del av budsjettprosessen får naudsynt kunnskap og opplæring i budsjett og økonomistyring. Ein viktig føresetnad for god budsjettering og styring er god forståing av drifta og kva som påverkar denne. Dette fordrar aktiv medverknad i budsjettarbeidet og tilgang på analyse av noverande og historisk drift jf. Statsforvaltaren sine råd.

Revisjonskriterium – problemstilling 2

Problemstilling	Kjelder	Krav frå kjelde	Utleia revisjonskriterium
2. Har administrasjonen system og praksis for god økonomioppfølging, analyse av avvik og rapportering til politisk nivå?	Kommunelova §§ 14-7, 14-11 og 14-12 Statlege retningslinjer (KMD)	Rådmannen skal rapportere økonomisk status og avvik til politisk nivå. Ved vesentlege avvik skal kommunedirektøren foreslå budsjettendringar. Rapporteringa skal vera tilpassa til politisk nivå.	1. Det finst faste rutinar for avviksanalyse. 2. Rådmann rapporterer minst tertialvis med forslag til tiltak og budsjettjusteringar. 3. Meirforbruk vert handtert i samsvar med lovkrav.

Problemstilling 2 – positive funn

Har administrasjonen system og praksis for god økonomioppfølging, analyse av avvik og rapportering til politisk nivå?

Positive funn:

- Fleire avdelingar har gode rutinar med oppfølging og analyse av månadsrapportar og avvik.
- Mange avdelingsleiarar er nøgd med hjelpa dei får frå økonomirådgivar.

Problemstilling 2 – utfordringar

Utfordringar:

- Store avvik mellom tertialrapportane og rekneskap på overordna nivå. Avviket er størst innan kjøp av varer og tenester.
- Rekneskapen har svakheiter i forhold til periodisering som kan gje misvisande forståing av den økonomiske ståa som t.d. renter og avdrag.
- Det er gjentakande store avvik mellom prognosane etter 2. tertial og årsrekneskapen. Prognosen har vist eit positivt driftsresultat på fleire titals millionar, medan årsrekneskapen har endt med eit ikkje ubetydeleg negativt driftsresultat.
- Avdelingsleiarar melder tilbake at høgt arbeidspress og mangelfull opplæring medfører for lite fokus på økonomistyring i enkelte avdelingar.
- Leiarar etterspør betre og meir opplæring knytt til budsjett og økonomistyring.

Problemstilling 2 – tilrådingar

4.5 Tilrådingar

3. Rådmannen kan vurdere å innarbeida periodisering av kjente inntekter og utgifter i budsjettet som ivaretek behovet for avsetningar av midlar i drifta. Dette vil styrka presisjonen i økonomirapportane med tanke på handtering av avvik og rapporteringar til politikarane.
4. Rådmannen bør vurdere å utarbeida ei rutine som sikrar at kostnader som er i fakturaflyten og som tilhøyrer den aktuelle perioden blir inkludert/analysert i tertialrapportane før politisk handsaming. Dette kan vera eit eigna tiltak for å få eit oppdatert grunnlag i forhold til politisk styring.

Revisjonskriterium – problemstilling 3

Problemstilling	Kjelder	Krav frå kjelde	Utleia revisjonskriterium
3. Er rapporteringa til politisk nivå i eit format og med ein kvalitet som sikrar at heradsstyret har eit føremålstenleg styringsverktøy?	Kommunelova § 13-1, §14-5 og §14-7 Forskrift om årsbudsjett og økonomiplan.	Årsberetninga skal gje vurdering av økonomisk utvikling og informasjon om måloppnåing. Rapportering skal vere oversiktleg og tilpassa styringsbehov.	1. Rapportane inneheld opplysningar og økonomiske oversikter i samsvar med lov og forskrift. 2. Tertialrapportar er oppdaterte med relevant økonomiske data samt inkluderer avviksanalyse og forslag til tiltak. 3. Det må sikrast at det vert rapport på: a) Forhold som er viktige for å vurdere heradet sin økonomiske utvikling, og den økonomiske handleevna over tid. b) Vesentlege budsjettavvik og vesentlege avvik frå heradsstyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Problemstilling 3 – positive funn

Er rapporteringa til politisk nivå i eit format og kvalitet som sikrar at heradsstyret har eit føremålstenleg styringsverktøy?

Positive funn

- Rapportering skjer i tråd med tertialfristar.
- Rutinar for politisk handsaming er etablert i tråd med lovkrav.

Problemstilling 3 – utfordringar

Utfordringar:

- Tertialrapportane manglar viktige opplysningar om økonomien på handsamingstidspunktet.
- Politikarane slit med å få kart og terreng til å stemme i den økonomiske styringa.
- Den økonomiske rapporteringa til politikarane er ikkje tilstrekkeleg oppdatert som styringsverktøy.
- Det er behov for betre presisjon for å sikre tillit til styringsinformasjonen.
- Tertialrapportane er omfattande. Dei kan med fordel vera betre tilpassa politisk styring i høve økonomi med fokus på handtering av avvik, oppfølging og resultat av tiltak som er sett i verk.
- Folkevalde ynskjer oppdaterte rapportar frå administrasjonen med samandrag som set fokus på viktige nøkkeltal knytt til inntekter, utgifter og avvik som politikarane skal ta stilling til.
- Folkevalde har ikkje tilgang til Framsikt som administrasjonen brukar i økonomistyringa.

Problemstilling 3 – tilrådingar

5.5 Tilrådingar

5. Rådmannen bør leggja til rette for at heradsstyret får tilgang til ein komprimert versjon av dei viktigaste opplysningane om den økonomiske ståa i tertialrapportar og årsrekneskap. Samandraget kan til dømes innehalda informasjon om den overordna drifta med hovudpostar og analyser av vesentlege avvik i høve budsjett og prognosar. Omtalen bør beskriva tiltak som er sett i verk og vedtak som heradsstyret må ta stilling til jf. tilbakemelding etter dialogmøte med formannskapet.
6. Rådmannen bør leggja til rette for opplæring for heradsstyret knytt til heradet sin økonomistyring. Opplæringa kan til dømes ha fokus på heradet sin eigen økonomiske situasjon og korleis rapporteringa kan brukast som styringsverktøy.

Oppsummerande konklusjon

Revisjonen har avdekt svakheiter i økonomistyringa til Voss herad:

- Noverande budsjettprosess gir ikkje realistiske budsjett på samla kostnader og inntekter.
- Økonomioppfølging og rapportering er mangelfull i høve oppdaterte tal og pålitelege prognosar som grunnlag for politisk styring



VESTLANDS
revisjon

